

Fleire jobbar som frivillig

SAMFUNN. Langt fleire nordmenn enn før 16 år sidan er i dag engasjerte i frivillig arbeid.

Medan 61 prosent nordmenn i 2014 sa at dei hadde utført frivillig arbeid for minst ein organisasjon dei siste tolv månadene, var det berre 52 prosent som svarte

det same i 1998, viser rapporten «Frivillig innsats i Noreg 1998–2014». Den frivillige innsatsen i Noreg er høgare enn både i Sverige og Danmark. I snitt brukar nordmenn 14–15 timer kvar månad på frivillig arbeid, men enkelte gjer mykje meir. ©NPK



FOTO: HILDE LYSENGEN HAVRO

Styrkjar næringsliv i utlandet

BEDRIFTER. Forskningsrådet og Innovasjon Noreg har inngått ein avtale om å oppretta nye stillingar i Sør-Afrika og Brasil for å styrkja norsk næringsliv i utlandet.

Forskningsrådet og Innovasjon Noreg har allereie hatt felles stilling i Japan, India

og Singapore i fleire år.

– Når vi utviklar ordninga, er det fordi vi lykkast betre når vi arbeider saman, seier administrerende direktør Anita Krohn Traaseth i Innovasjon Noreg. Stillingane skal skaffa bedrifter marknads tilgang og nettverk. ©NPK

MARKNADSREGULERING

Q-meieriene vil halde på marknadsregulering, men er klare til å dele ansvar og pliktar for ordninga saman med Tine.

vil til bord med Tine

TØNSBERG. Sola strålar over Vest-folds-byen. Like strålende er ikkje administrerande direktør Bent Myrdahl i Q-meieriene og Kavli-sjef Karl Johan Ingvaldsen.

Dei to ynskjer ei kraftig endring av marknadsreguleringa, og vil gjerne sitje ved same bord som Tine når marknaden for meieri-produkt skal regulerast.

I sitt innspel til Balanseringsrapporten, som tek for seg ulike alternativ for marknadsregulering av jordbruksvarer, støttar Q-meieriene alternativet som held på marknadsregulering, men som svekker samvirka si rolle som ein neutøvarar av regulatorrolla.

– Me er opptekne av at bøndene har eit sikkert og robust grunnlag. Difor er me klare på at det er nødvendig med endringer i dagens ordning, seier Myrdahl.

Vil ha bransjeutval

Han og Ingvaldsen er til stade på det årlege Haustmøtet i Dagligvareleverandørenes Forening i Tønsberg, saman med resten av daglegvarebransjen.

– I forlenging av det som er bra må det gjerast fornuftige marknadstiltak for å balanseringa marknaden.

I dag har Tine som samvirke-ansvar for å regulere marknaden for mjølk i Noreg. Q-sjefen meiner han ikkje har nok påverknadskraft på marknadsreguleringa.

– Difor ynskjer me oss at det er eit bransjeutval, der ingen av aktørene har flertal, som får ansvaret, seier Myrdahl.

– Det vil gi betre prognosar for alle, betre innsyn og vil også sikre

likebehandling mellom aktørene i meierisektoren, seier han.

Rettvis konkurranse

Han seier Q-meieriene er klare til også å vera med og ta ansvar for marknadsreguleringstiltak, når det er behov for det. I tillegg ynskjer Myrdahl og Ingvaldsen at mottaksplikta skal leggjast ut på anbod i gitte geografiske område.

– Det vil sikre meir rettvis konkurranse, og mi trur det også vil sikre ein jammare forsyning, seier dei.

Ingvaldsen og Myrdahl er klare på at det er nødvendig å halde oppje marknadsregulering av meieriprodukt.

– Mi trur bøndene vil få ein sikrare økonomi og meir føresleiegleitet med marknadsregulering, seier Myrdahl.

I spørsmålet om det er behov for marknadsregulering eller ikkje er Q-meieriene og Tine samde, men Tine går i sitt høyringsinnspel inn for å støtte den såkalla Forendlingsmodellen, den samvirka beheld ansvaret, men gjennomfører tiltak som gjer modellen endlaare.

– Mi er glade for den gjennomgangen som har vore. Eg har klok-

ROBUST GRUNNLAG

«Me er opptekne av at bøndene har eit sikkert og robust grunnlag.»

BENT MYRDALH
ADMINISTRERANDE DIREKTØR I Q-MEIERIENE

HILDE LYSENGEN HAVRO
hilde.havro@nationen.no



kartru på at denne typen ordningar er gode når det er gjennomsiktig kva me gjer, seier konsernsjef i Tine SA, Hanne Refsholt.

Tine vil forenkle

Refsholt seier Tine har landa på forenklingsalternativet fordi det vil vera lettare å gjera ordninga meir gjennomsiktig, og så enkel som mogleg.

– Eg skal ikkje blankt avvise andre modellar, men eg trur det er såpass mange konsekvensar av dei andre modellane som mange ikkje har sett ennå. Difor har me landa på forenklingsalternativet, seier ho.

– Me deler informasjon og har regelmessige møte med dei andre aktørene i dag. Alt blir regulert, og det blir teke omsyn til innsyn frå dei andre aktørene, seier Refsholt.

Ho seier marknadsreguleringa er til for å skapa føresleiegleitet for bonden, industrien og forbrukaren.

– Det er det overordna omsynet. Me har ein plikt til å gjera det på ein måte som er kostnadseffektiv for systemet som heilskap, og som tek vare på føresleiegleheit og tryggleiken for alle partar, seier Refsholt.

HILDE LYSENGEN HAVRO
hilde.havro@nationen.no



Vil ha endring: Administrerande direktør i Kavli Karl Johan Ingvaldsen (til venstre)

Bondelaget redd

Blir marknadsreguleringa fjerna eller svekkja, vil det føre til auka makt til daglegvarekjedene på kostnad av bonden, meiner Noregs Bondelag.

I høyringsuttalen frå Noregs Bondelag blir det åtvara mot at fjerning eller svekkning av marknadsregulering for jordbruksprodukt vil styrke daglegvarekjedene ytterlegare på kostnad av bøndene.

– Ei svekkning av dei kollektive funksjonane i marknadsreguleringa vil styrke kjedemalta, seier leiar i Bondelaget, Lars Petter Bartnes til Nationen.

– Bonden er i sin natur ein liten aktør i ein stor verdikjede.

Mange avviksmeldingar

POST. Datatilsynet fikk i fjor 116 avviksmeldingar. Dei fleste av desse handlar om brev som blir sende til fel person eller e-post vedlegg med meir informasjon enn avsendaren tenkte.

Det går fram av ein rapport Datatilsynet har laga om av-

viksmeldingane dei fekk inn i fjor. Regelverket om personvern krev at Datatilsynet får melding når personopplysingar som skal vernast kjem på avvegar.

Hacking/datainnbrot og snoking er andre store avvikskategori.

©NPK





FOTO: SIRI JUEL RASMUSSEN

God kornhaust trass kulde

AVLING. Trass ein kald og våt sommar ser kornhausten i år ut til å bli 14 prosent betre enn dei siste åra, skriv Landbruksdirektoratet som fortel om store avlingar, full aktivitet og koar for å levera kornet etter at finnåret kom i september. Mange stader har folk vore nøyd-

de til å finna andre lagerløysingar når kornsiloane har vorte fulle, heiter det.

Sjølv om avlingane er gode, er kvaliteten på kornet likevel ikkje alltid like god. Til dømes er det mykle kveite som ikkje oppfyller krava til matkvalitet. ©NPK



og administrerande direktør i Q-meieriene Bent Myrdahl vil ta reguleringssmaka fra Tine.

Høringssvar

Noregs Bondelag

* Støttar Forenklingsalternativet. Vil halde på mottaksplikta, med grunnlegginga at det sikrar landbruksproduksjon i heile landet. Meiner det må gjennomførast ein juridisk gjennomgang for å avklare heimelsgrunnlaget og ansvarsfordelinga mellom marknadsregulatorane, Omsetningsrådet, avtalepartnerane i jordbruksavtalen og Landbruksdirektoratet basert på dette alternativet.



Norsk Gardsost

* Samspelet mellom marknadsregulator (Tine) og gardsysteriet er viktig. Mange små østproduzentar leverer delar av mjølkevolumentet til Tine. Ser med uro på alternativa som fører til at mottaksplikta for marknadsregulator fall bort. Meiner mottaksplikta er ein garanti for å få marknadstilgang for mjølkevolument som ikkje kan nyttast i dei små ysteria.



Norsk næring- og nytelsesmiddelarbeiderforbund

* Støttar Forenklingsalternativet som den beste løysinga. Meiner dette alternativet gir størst openheit, slik at tilliten til modellen blir sikra, og at denne modellen sikrar god marknadsbalansering. Marknadsregulering gir stabile priser til forbrukar, om lag lik pris til bønder uavhengig av hvor dei produserer, og sikrar jamm tilgang på råstoff for industrien. Meiner det er behov for store aktørar i marknaden for best mogleg regulering av råvarevolument.



Norsk Bonde- og Småbrukarlag

* Støttar Forenklingsalternativet. Meiner det er føresieleg, og at det vil styrke informasjonen, konkuransen og tilliten, som har vore anekpunkt med dagens praktisering. Dette alternativet er det einaste som gir sikkerheit for landbruk over heile landet, fordi mottaksplikten ligg som fundament uavhengig av andre marknadsmessige svingningar. Vidareføring av samvirka som marknadsregulator er mest treffsikre måten å regulere marknaden på.



Q-meieriene

* Vil halde på marknadsregulering av meierivarar, men støttar ein modell med eit Bransjeutval, der alle aktørane er representert. Meiner reguleringa må sikre best mogleg produksjonsgrunnlag for norsk mjølkeråvare, og forenkle marknadsbalanseringa for å bygge større tillit mellom aktørane. Fastsettjing av prisnivå for volumprodukt skal flyttast frå Tine til Bondelaget og Småbrukarlaget. Mottaksplikta skal i gitte område leggjast ut på anbod.



for auka kjedemakt

Marknadsordninga gir rom for at bondene kan opptre kollektivt i verdikjeda, noko som har vore svært viktig og ser ut til å bli viktigare og viktigare i tida framover, seier han.

Slit med adgang

I løpet av 2015 har norsk handel gått frå fire til tre store daglegvarekjedjer.

– Me veit at industriaktørar til tider har slitt med adgang til marknaden. Det gir ringverkna der attende til bonden om mar-

KJEDEMAKT
«Ei svekking av dei kollektive funksjonane i marknadsreguleringsa vil styrke kjedemakta.»
LARS PETTER BARTNES
LEIAR I NOREGS BONDELAG

knadsordningane blir svekka, seier Bartnes.

Støttar forenkling

Bondelaget støttar Forenklingsmodellen som vil halde på samvirka si rolle som marknadsregulatorar.

– Det er det beste alternativet for å innfri på viktige landbrukspolitiske spørsmål, som landbruk over heile landet og auka matressursar. Dette alternativet skapar også minst risiko for bønder som vel å

investere i auka produksjon, seier Bartnes.

Marknadsreguleringa av grønsakssektoren og kylling er oppheva, og er i dag stort gjennom kontraktsproduksjon.

– Den praktiske erfaringa syner at dette gir bøndene svekka moglegheter til å utøve makt i verdikjeda. Endringar i marknaden slår mykle kraffigare attende på produsentleddet i kontraktsproduksjon, der det ikkje er moglegheit for å regulere, seier Bartnes.

Tine SA

* Vil halde fram med å vera marknadsregulator for mjølk, og går difor for den såkalla forenklingsmodellen. Meiner avvikling av mottaksplikta vil gi større regionale prisstillingar og usikkerhet kring avsettning for mjølka for bøndene. Det vil stå i strid med målsetjinga om landbruk over heile landet. Legg vekt på at marknadsreguleringa skal skape tryggheit og tillit mellom aktørane, og tek til orde for ein gjennomgang av det juridiske rammeverket for marknadsbalanseringsordninga, ut frå at ordninga er kompleks og lite oversiktsleig.

